

Program for

Bø Venstre 2011 - 2015

**Det viktigste
me kan gjera
er å utvikle
Bø til ein
av Noregs
trivlegaste
stader å bu!**

*Olav Kasland,
Bø Venstre sin
ordførarkandidat*



venstre

KORLEIS BØ VENSTRE ØNSKJER Å DRIVE POLITIKK I BØ 2011 – 2015

- Venstre sine prioriterte område er kunnskap, velferd, miljø, frivillige organisasjonar og småbedrifter. Det vil også prege vårt lokalt politiske arbeid.
- Bø Venstre vil at Bø kommune skal vere ein open og inkluderande kommune på alle nivå. Me vil vere opne for alle politiske innspel og bidra til å gjere politiske arenaer til gode diskusjonsforum.
- Så langt det er råd skal vedtak som vert fatta i kommunen, basere seg på objektive fakta. Der det ikkje er mogleg, skal vedtak/prioriteringar grunnjevast. Vedtak skal ikkje baserast på kven som kjenner kven. I Bø er vi så heldige at vi har HiT og Telemarksforskning. Denne kompetansen kan utnyttast betre, bl.a. gjennom at studentar ved høgskulen skriv mastergradoppgåver om tema som kommunen treng.
- Det er ikkje nok med politikarar og dyktige tilsette i kommunen for å finne ut korleis oppgåver best kan løysast. Me er heilt avhengige av "dei som har skoen på," og kommunen treng brukarmedverknad og innsats frå frivillige lag og organisasjonar.
- Bø Venstre vil kontinuerlig vurdere om kommunen er optimalt organisert i høve til oppgåver som skal løysast. Ein slik prosess skal gjerast i tett samarbeid med rådmannen og dei tillitsvalte. Det er ikkje politikarane som utfører det daglege arbeidet i kommunen, men alle tilsette. Eit tett og godt samarbeid med leiinga og dei tillitsvalte er absolutt nødvendig for å få til eit godt arbeidsmiljø, som igjen vil bidra til å gi innbyggerane gode tenester.

- Bø Venstre har alltid kjempa for ei positiv miljøutvikling av bygda. Me har fått til mykje, men me har framleis ein veg å gå. Mot våre stemmer ser me for eksempel at god matjord har blitt bygd ned. Bø Venstre fortset å kjempe for miljøet og legge miljøomsynet til grunn for alle relevante område.
- Bø kommune har vore på ROBEK lista heilt sidan starten i 2001.(Dvs. at kommunen var økonomisk styrt av Fylkesmannen.) Først i 2010 kom me ut av lista. Bø Venstre vil sette tæring etter næring når det gjeld kommuneøkonomien og gjere det som er nødvendig for å unngå ei sentral overstyring av lokaldemokratiet.
- Bø Venstre har stor tru på at me skal tenke globalt og handle lokalt. Dette gjeld både internasjonal solidaritet og miljøet. Som eit lite bidrag i den samanhengen, vil Bø Venstre at Bø skal bli ein Fairtraid-kommune. Me vil også at alle einingane i Bø kommune skal Miljøfyrtårn-sertifiserast.



BARNEHAGE, SFO OG SKULE

Bø Venstre har alltid prioritert gode oppvekstvilkår for barn og unge i kommunen. Bø Venstre ser på barnehage, SFO og barne- og ungdomsskule som heilt avhengig av kvarandre.

(Dette gjeld også frivillig sektor og musikkskulen, men dei er nærare omtalt i eit anna kapittel). Sett me inn tilstrekkelig god kvalitativ innsats i tidlig barneår, vil den enkelte og samfunnet få dette tilbakebetalt mange gonger. Me kan hindre fråfall i ungdomsskulen og på vidaregåande. Fråfall i skulen fører mange menneske inn i ei fattigdomsfelle.

Barnehagane

Bø Venstre ønskjer å vidareføre blandinga av privat og kommunal drift av barnehagane.

Bø Venstre vil følgje opp det som blei vedtatt i kommunebudsjettet for 2011, og pusse opp Gullbring barnehage. Me vil vere garantistar for at den gode pedagogiske kvaliteten blir oppretthalde og utvikla vidare.

Bø Venstre ønskjer ikkje på nåverande tidspunkt å forplikte seg til ein bestemt stad å bygge ein eventuell ny barnehage. Me ser på samarbeidet med HiT og studentbarnehagane som svært interessant, og ønskjer å greie ut dette nærare.

SFO

Bø Venstre var initiativtakar for å få utvida opningstidene i SFO til også å gjelde i skuleferiane. Me vil sjå om det er mogleg at dette kan utvidast ytterlegare, spesielt om sommaren då SFO framleis har 6 veker stengt. Det er mange foreldre som har

problem med å få denne kabalen til å gå opp.

Bø Venstre ønskjer å styrke kvaliteten på innhaldet i SFO. Bø har eit svært godt kvalifisert personell i SFO, men det er vanskeleg å få auka SFO- kvaliteten då det er få vaksne som har ansvaret for mange barn med mange forskjellige behov. Bø Venstre ønskjer å knytte frivillige organisasjonar og musikkskulen tettare til SFO slik at barna kan delta på fleire av deira aktivitetar innanfor SFO -tida.



**Ein sterk og god skule,
er nødvendig for ei god
utvikling av Bø!**

Skulane

Bø Venstre ønskjer å styrke skulane i Bø. Reint økonomisk treng skulane å bli styrka, noko som samanlikningar med andre kommunar viser.

Bø Venstre ønskjer eit endå sterkare fokus på mobbing. Konsekvensane for den som blir utsett for mobbing kan vere veldig øydeleggende for resten av livet. Me vil sette dette på den politiske dagsorden og ta det ansvaret som er pålagt skuleeigar.

Bø Venstre vil også ta initiativ til skulepolitisk diskusjon om innhaldet i våre tre skular. Me meiner at det politiske miljøet også må bry seg om innhaldet og ikkje bare økonomi.

Bø Venstre ønskjer heilt konkret å styrke skulane på følgjande måte:

- Ein assistent i tillegg til pedagog for 1. og 2. klassetrinn som fast grunnbemanning.
- Me vil ha eit fast delingstal for klassane på 25 elevar. Er det 26 eller fleire elevar, skal klassen delast i to.

- Bø Venstre vil innføre 30 timars veke frå 1. klasse. I dag har 1. – 4. klasse 26 timar og 5. – 7. klasse 28 timar. Dette vil vi gjere for å gi meir tid til basisfaga.

Bø Venstre ønskjer å kutte ut leksehjelp i 1. og 2. klasse og innføre dette i staden for 5. og 6. klasse. Leksehjelpa kan inngå som ein del av utvidinga av timetalet i veka.

Bø Venstre meiner at noko av det viktigaste me kan gjere for ungdomsskulen i Bø er å styrke barneskulane. Viss elevane begynner på ungdomsskulen med tilstrekkeleg sosial og fagleg kunnskap, vil dette gi eit løft for den enkelte elev og ungdomsskulen.

Bø Venstre var pådrivar for nybygginga på Bø skule. Me meiner at kommunen nå har gode skulebygg. Likevel vil det på lang sikt vere behov for å utvide ungdomsskulen, i og med at barnetalet aukar.



KULTUR OG FRIVILLIGHET

Bø Venstre har svært mykje kompetanse innan kultur og frivillig arbeid på si kommunevalliste. Me meiner at "utan dei frivillige stoppar Bø". Me er heilt avhengige av eldsjelene.

Bø Venstre ser ikkje på kultur som "pynt på ei kake", men meir som "gjær" som gjer at eit samfunn veks og vert kultivert. Kultur og frivillig arbeid er kanskje den viktigaste grunnen til at Bø er ein så flott stad å bu. Bø Venstre vil derfor vere garantisten for at både kulturen og det frivillige framleis vil blomstre.

Bø Venstre vil at kulturetaten, gjerne i samarbeid med frivillige, tar ansvaret for å opprette ein utlånsentral. I denne utlånsentralen skal det vere mogleg for barn og unge å låne utstyr til aktivitetar, som for eksempel idrett og friluftsliv.

Det frivillige i Bø

Med det frivillige tenker Bø Venstre i denne samanheng på organisasjonar innan helse og omsorg, idrett, musikk, kultur, religion, politikk og humanetikk.

Bø Venstre vil legge til rette for at det frivillige i vidaste forstand skal blomstre. Me kan ikkje love mange ekstra pengar. Til det veit me for mykje om kommunens økonomiske situasjon. Me skal likevel vere gode, pålitelege samarbeidspartnarar og aktive pådrivarar som m.a. legg til rette for gode arenaer for det frivillige. Slike arenaer er Gullbring, Evjudalen, Telemarkshallen, Frivillighuset, Nordbøåsen osv.

Bø Venstre vil også at kommunen skal prioritere eit tett samarbeid med dei frivillige organisasjonane. Dette kan

for eksempel vere via arrangement, møteplassar og liknande. Kommunen treng dei innspel som frivillig sektor kan gi oss.

Frivillige organisasjonar i Bø

Frivillige organisasjonar går glipp av mykje pengar fordi dei ikkje har ressursar til å søke etter utlyste midlar. Slike midlar blir utlyst av finansinstitusjonar, det offentlege, legat osv.

Bø Venstre vil gi Frivilligsentralen i Bø midlar tilsvarande ein 50 % stilling. Personen som har ei slik stilling skal kunne brukast av alle frivillige organisasjonar i Bø til å søke eksterne midlar.

Bø Venstre vil be administrasjonen i Bø kommune å sette i gang eit prosjekt som har som mål å gjere det mogleg for frivillige organisasjonar i Bø å ha same forsikringsavtaler og strømvavtaler som kommunen sjølv har. På denne måten vil frivillige organisasjonar truleg få betre vilkår.

Bø Venstre vil revidere vedtektene for tildeling av midlar frå kommunen til frivillige organisasjonar. Det må også vere mogleg å få midlar til vanlig drift, etter søknad.

Gullbring kulturhus

Bø Venstre ønskjer å framheve Gullbring spesielt. Dette fordi me ser på Gullbring som den viktigaste fellesarenaen for bøheringane. Bø Venstre vil ta opp igjen planane om vidare utbygging av Gullbring. Planane som alt ligg der, treng

revidering, også kva prisen vil vere, - både investeringar og driftskostnader. Som eit ansvarleg parti kan ikkje Bø Venstre bare seie at me vil investere i ei utbygging. Me må ha eit oppdatert kostnadsoverslag, for så å vurdere dette opp mot kommunens totale økonomi.



Me skal vere gode, pålitelege samarbeidspartnarar og aktivt legge til rette for gode arenaer for det frivillige.

Musikkskolen/ kino/ bibliotek

Musikkskolen (kulturskolen) har god dekning i Bø, samanlikna med andre kommunar. Trass i dette er det lang ventetid m.a. på individuelle instrument og dans. Bø Venstre vil gå inn i dette og sjå kva som kan gjerast frå kommunen si side, gjerne i samarbeid med andre.

Det bør også vurderast samarbeid mellom musikkskolen og andre delar av kommunen, som for eksempel psykisk helse, flyktingtenesta og barnevernet.

Bø Venstre har lova at me ønskjer å bygge ut Gullbring viss det kan forsvarast økonomisk. Ein viktig grunn til dette er at Bø kommune sårt treng eit nytt bibliotek. For å følgje med i utviklinga av moderne bibliotek er vi heilt avhengige av nye lokale. Gullbring kan gi bøheringane eit moderne bibliotek, helst i samarbeid med Høgskulen.

Bø kino er den tredje mest besøkte kinoen i Telemark. Bø Venstre har vore med på å løyve pengar til eit moderne, digitalt kinoanlegg. Bø Venstre vil fortsette å støtte kinoen vår.

Høgskulen i Bø

Bø Venstre anerkjenner Høgskulens viktige posisjon i bygda. I denne samanhengen vil me peike på kultur- og idrettsstudiet, Kroa og alt det studentane bidrar med til kulturutviklinga i Bø. Bø Venstre vil ta initiativ til eit tettare samarbeid med Høgskulen slik at me kan gjere kvarandre enda sterkare.

HELSE OG OMSORG

Bø kommune har delt sitt helse- og omsorgsarbeid inn i tre einingar: Open omsorg, Sjukeheimen og Integrering/ miljøarbeid. Desse tre einingane utgjør omtrent 40 % av kommunens totale budsjett. Dette vil truleg auke i åra som kjem. Hovudårsaka er at det vert fleire eldre i samfunnet og dei investeringane som Bø Venstre har vore med på, er difor nødvendige.

Bø Venstre vil alltid vere eit parti som tar vare på dei av oss som treng hjelp frå det offentlege. Helse og omsorg har ansvaret for svært mange som må få hjelp frå kommunen. Talet på psykisk sjuke som treng hjelp, veks i Bø, som i resten av samfunnet. Me må alltid ta vare på dei av oss som er født med - eller har pådratt seg - ein skade og treng hjelp. Dette fellesskapets ansvar vil Bø Venstre ivareta. Og me vil alltid søke etter dei smarte løysningane. Samfunnet utviklar seg, og det må også kommunens løysningar.

Bø Venstre vil alltid ivareta individet. Vi meiner at tenestene må tilpassast individet og ikkje at individet skal tilpasse seg tenestene. Variasjonen blant dei eldre og andre som treng hjelp, er like store som i befolkninga elles.

Open omsorg

Bø Venstre vil at innbyggjarane skal klare å bu i sin egen bustad så lenge dei ønskjer. Me veit at dei fleste ønskjer det. Men dette heng saman med trygghet for den enkelte. Dette kan skapast gjennom tilstrekkeleg hjelp i heimen, og at ein er trygg på å få institusjonsplass viss ein treng det. Korttidsavdelinga er eit lågterskeltilbod Bø Venstre ønskjer å vidareutvikle.

Bø Venstre vil ivareta løftet som blei gitt dei psykiske hjelpetilboda i opptrappingsplanen for psykisk helse. Me er i denne tenesta avhengig av spesialkompetanse, men også ein sterk grad av brukarmedverknad. Bø Venstre ønskjer et tett samarbeid med brukarorganisasjonane. Me er sikre på at det ligg veldig mykje godt psykisk helsearbeid i å få ansvar og kunne bidra for andre og samfunnet generelt. Sosial isolasjon skaper som oftast dårlig psykisk helse.

Sjukeheimen

Bø Venstre var med på vedtaket om å investere 145 millionar kroner til ny sjukeheim og omsorgsbustader. Gjennom denne investeringa har Bø sikra seg gode omsorgsplassar i åra som kjem.



Ein skal vera trygg på å få institusjonsplass viss ein treng det.

Bø Venstre vil at den nye sjukeheimen og omsorgsbustadene skal brukast fleksibelt. Det vil seie at sjukeheimen må byggast på ein slik måte at omsorgsbustader kan brukast til sjukeheimplassar, og motsett, viss behovet blant innbyggjarane endrar seg.

Samtidig som me bygger ny sjukeheim, veit me at det blir fleire og fleire av oss som utviklar demens. For å sikre ein god omsorg for dei som vert ramma av dette, må me vidareutvikle skjerma einingar.

Bø kommune har ikkje eit eige eldresenter. Aktivitetssenteret fungerer på mange måtar som det, samtidig som bebuarane på sjukeheimen brukar senteret aktivt. Bø Venstre vil at aktivitetssenteret skal bestå.

Integrering og miljøarbeid

Bø Venstre har alltid vore ein garantist for at me ønskjer å ta imot og aktivt integrere flyktningar som kjem til bygda vår. Dette vil me fortsette med. Bø Venstre meiner at me bør ta imot flyktningar slik at me til ei kvar tid har eit gjennomsnitt på 65 – 75 flyktningar.



Bø Venstre vil gjere alt for å kjempe mot rasisme eller rasismeliknande haldningar.

I dag er Bø Røde Kors en aktiv samarbeids-partnar med kommunen når det gjeld integreringsarbeid. Også andre frivillige organisasjonar gjer ein slik jobb. Bø Venstre vil sjå om det er mogleg å ytterlegare inkludere den frivillige sektoren i dette arbeidet.

Bø Venstre vil gjere alt me kan for å kjempe mot rasisme eller rasismeliknande haldningar.

Elevane ved Vaksenopplæringa er i hovudsak framandspråklege. Slik vil det sikkert også vere i dei næraste åra.

Bø Venstre meiner at Vaksenopplæringa kan vere eit nytt samarbeidsområde for Midt-Telemark samarbeidet. Arbeidsområda og organiseringa er omtrent den same i dei tre kommunane. Vi meiner at ei større eining kan styrke Vaksenopplæringa ytterligare. Bø Venstre vil arbeide for at kommunen som arbeidsgjevar tek sitt ansvar for praksisarbeidsplassar.

Bø Venstre har også vore med på å investere i bustader for psykisk utviklingshemma og andre med psykiske lidningar som treng det. Innan relativt kort tid vil dette vere på plass. Nå må vi sjå til at livet for bebuarane blir individuelt ivaretatt på ein optimal måte.

Som for alle andre i samfunnet er det også eit stort ønske hos psykisk utviklingshemma å bu i eigen bustad så lenge som mogleg. Frå tid til annan treng både den enkelt psykisk utviklingshemma og pårørende avlastning.

Bø Venstre vil derfor sjå til at avlastningstilbodet til kommunen blir så godt som råd.

I tillegg til attføringsbedrifta "Bø og Sauherad produkter", driv kommunen "Bø Arbeidssenter" for utviklingshemma. Det er heilt vesentlig for eit verdig liv at dei som kan jobbe, får høve til det. Da må vi ha arbeidsplassar som er individuelt tilrettelagt for den enkelte.

Bø Venstre vil vere aktiv bidragsytar i vidareutviklinga av dette arbeidssenteret.

Nav

Nav Bø er regulert gjennom ei partnerskapsavtale mellom Bø kommune og staten. I all hovudsak handterer kontoret lovpålagte oppgåver. Men mange av lovene pålegg kontoret å bruke skjønn.

På sosialhjelp bruker Bø kommune gjennom Nav Bø omtrent dobbelt så mykje som landsgjennomsnittet. Det betyr at me brukar fleire millionar kroner meir enn andre samanliknbare kommunar. Det kan finnast fleire grunnar til dette. Bø Venstre er kjent med nokre av grunnene, slik som høgt sjukefråvær blant dei tilsette, men me meiner også at det kan finnast andre grunnar. Praktiseringa av det lovpålagte skjønnet kan vere ein slik grunn. Bø Venstre vil ha ein gjennomgang og ein grundig analyse av bruken av skjønn. Om Nav - kontoret treng ekstern hjelp til ein slik analyse, vil Bø Venstre stille seg positiv til det.

Bø Venstre vil at dei som har krav på hjelp etter loven skal få det, men me må få objektiv kunnskap om kvifor Bø kommune brukar dobbelt så mykje som andre kommunar til sosialhjelp. Me trur at tiltak kan iverksettast som reduserer utbetalinga av økonomisk sosialhjelp betydelig, og samtidig ha ein faglig høg standard på det sosialfaglige arbeidet.

Bø Venstre vil sjå til at rusomsorga i Bø vert ivaretatt i høve til lovverket. Det har blitt informert om at det finst ca. 100 registrert rusavhengige i Bø. Me er kjent med at det er mykje narkotika i omløp. Bø Venstre vil ta dette på alvor og sjå til at det vert sett i verk tiltak som avhjelper dette, samtidig som me jobbar for å unngå nyrekruttering. Naturlige samarbeidspartnarar i eit slikt arbeid vil vere politiet, fylkesmannen, Nav, kommunen, rusomsorga osv.

Bø Venstre vil også at dette problemet skal bli sett på den politiske dagsorden.

NÆRINGSUTVIKLING, TEKNISK EINING OG MIDT-TELEMARKSAMARBEID

Bø Venstre meiner at framtidens velferdssamfunn er avhengig av eit nyskapande næringsliv. Framtidens arbeidsplassar er ennå ikkje skapt, og Bø Venstre vil ha ein politikk som støttar nyskaparar og gründarar. Forsking og utdanning er viktige føresetnader for framtidens arbeidsplassar og velferd. Politikk som er bra for dei små bedriftene er nesten utan unntak bra for dei store, men ikkje nødvendigvis motsett. Derfor er Venstre særleg opptatt av gode rammevilkår for dei minste bedriftene og for sjølvstendig næringsdrivande.

For Bø er Høgskulen og forskingsmiljøa heilt vesentleg. Det er vanskelig å tenke seg Bø utan dette. Bø Venstre er også heilt sikre på at Høgskulen er nødvendig for å få til ytterlegare næringsutvikling i Bø.

Midt-Telemarksamarbeidet:

Bø Venstre stiller seg bak Midt-Telemarksamarbeidet. Den positive effekten av samarbeidet er mange, m.a. gjennom større faglege einingar. Men ein skal heller ikkje underslå utfordringane, m.a. at slikt samarbeid lir av demokratisk underskot. I denne samanhengen ønskjer me spesielt å fokusere på barnevernstenesta, PPT og Midt-Telemark næringsutvikling (MTNU). MTNU kjem me tilbake til under næringsutvikling.

Både barnevernet og PPT har utfordringar med svært store saksmengder. Dette er ikkje spesielt for Midt-Telemark, men ei nasjonal utfordring. Viss me ikkje gjer noko

med dette, vil det gå utover barna våre. Bø Venstre vil derfor prioritere å styrke barnevernet og PPT.

Bø Venstre vil også vere opne for å sjå på andre samarbeidsområde. Me har under Integrering og Miljøarbeid i dette programmet peika på Vaksenopplæringa som eit slikt område.

Både Bø, Sauherad og Nome slit med å følgje opp og kontrollere byggesaker. Ein kan nok rekne med at det skjer ein del ulovleg aktivitet. Bø Venstre vil derfor forsøke å få til eit Midt- Telemarksamarbeid slik at me i fellesskap kan tilsette ein person som har til oppgåve å følgje opp og kontrollere byggesaker.



For vekstkommunen Bø og for vellykka næringsutvikling er tekniske etat ein av kommunens viktigaste instrument.

Næringsutvikling:

Tidlegare var det slik at bedrifter etablerte seg og arbeidarane flytta etter. Dette er i stor grad snudd på hovudet. I dag er det knapt om arbeidskraft, og bedrifter må etablere seg der folk alt bur og trivst. Bø har dei fleste faktorane som skal til for at me framleis skal vekse og tiltrekke oss næring og lokale arbeidsplassar. Eksempel på dette er eit grande kulturliv, Gullbring, kort veg ut til naturen, høgt kompetansenivå, tett og intimt sentrum med høg "cafe- faktor", god kommunikasjon via tog, buss og bil osv. Bø Venstre vil jobbe for å framheve våre konkurransefortrinn i alle relevante samanhengar.

Bø Venstre vil at Bø kommune skal ha ei positiv haldning til næringsutvikling. Me veit at næringslivet er avhengig av rammer som er tydelege og ikkje vert endra for fort, noko som samsvarar med politikken til Bø Venstre.

Bø Venstre har tatt eit tydeleg standpunkt når det gjeld handelspark utanfor Bø sentrum. Me seier nei til det. Området er i dag regulert til næring, men ikkje til detaljhandel (for eksempel kolonialforretningar). Om ein byggevareforretning eller liknande ønskjer å etablere seg på området, støttar Bø Venstre det. Men me vil ikkje at eit nytt kjøpesenter blir etablert utanfor dagens sentrum fordi det vil skape mykje meir biltrafikk og utarme dagens pulserande sentrum. Me treng ikkje reise langt for å sjå konsekvensen av slike prioriteringar: Tuven på Notodden og Herkules i Skien er slike eksempel. I desse byane er det svært lite sentrumsliv igjen.

Midt-Telemark Næringsutvikling (MTNU) er ein del av Midt-Telemarksamarbeidet. Etter Bø Venstre si vurdering, styrker eit slikt interkommunalt samarbeid næringsutviklinga i Bø. Eit eksempel på dette er utviklinga av industriområdet på Brenna, som Bø og Sauherad eig i lag.

Trass i avgrensa ressursar har MTNU fått til mykje. Bø kommune har ikkje eit stort næringsfond som svært mange andre kommunar i Telemark har. Bø Venstre vil aktivt jobbe for at Bø skal få sin rettmessige del av Telemark fylkeskommunes forskjellige næringsfond.

Turisme er ei relativt stor næring i Bø. Lifjell som vinterdestinasjon og Sommarland som sommardestinasjon er heilt vesentlege. Men me styrker attraksjonskrafta vesentleg i samarbeid vårt med Sauherad og Nome, og dette bør vidareutviklast. Innan Midt-Telemark- regionen kan me tilby ei totaloppleving for dei fleste.

Bø Venstre vil synleggjere turismen i den politiske diskusjonen.

Bø Venstre har alltid vore for ei utvikling av Evjudalen til eit grønt friområde. Me meiner at kommunens forskjønning av Evjudalen og Kommunehusparken aukar attraktiviteten til Bø og styrker dermed det lokale næringslivet.

Teknisk eining:

For vekstkommunen Bø og for vellykka næringsutvikling er kanskje tekniske etat kommunens viktigaste instrument. Viss me har gode reguleringsplanar og rask saksbehandling, styrker det kommunens attraksjon. For å få til dette er me avhengig av tilsette som har god kommunal reguleringskompetanse. Bø Venstre vil derfor prioritere å tilsette ytterlegare ein person med slik kompetanse. I dag må kommunen kjøpe ekstra reguleringskompetanse gjennom konsulentar.

Det finst nok av eksempel på vegar i kommunen som ikkje er gode nok. Utfordringa er at for å oppretthalde ein god standard, må driftsbudsjettet til Teknisk eining aukast monaleg. Eit slikt driftsbudsjett konkurrerer med alle andre gode formål i kommunen, som for eksempel skule og helse.

Bø Venstre vil love å gå inn i dette fagområdet med stor tyngde for å sjå om me kan løyse nokre utfordringar på ein meir kostnadseffektiv måte enn me gjer i dag. Bø Venstre vil også vere opne for å auke driftsbudsjettet for sikre at me ikkje driv på ein måte som vil koste kommunen mykje meir i det lengre løp. Veg og bygningar som ikkje vert vedlikehaldne, vil truleg vere ei dårleg investering.

Det er gjort mykje bra miljøarbeid i Bø kommune, og Bø Venstre har vore ein pådrivar. Me kan love at dette arbeidet vil fortsette med full intensitet. Bø Venstre vil vere garantist for å ivareta jordvernet, vil legge til rette for å avgrense bilbruk gjennom m.a. å seie nei til bilbasert handelspark på utsida av sentrum, samt ha eit godt utbygd sykkel/ gangvegnett i kommunen. Vidare vil Bø Venstre ta initiativ overfor Statens Vegvesen for å sjå på ein annan trase for RV36 gjennom Bø sentrum, helst gjennom ein tunnel under sentrum. Bø Venstre vil jobbe for energieffektivisering av kommunale bygg og verksemder. Miljøomsyn skal vere ein vesentleg del av all kommunal verksemd.

Venstre sine kandidatar i Bø



1. Olav Kasland (1961)
Forberg, regiondirektør



**2. Ingebjørg
Ømulfsdatter Nordbø** (1955)
Forberg, dagleg leiar



3. Augon Eika (1950)
Eikjabygda, kunderådgjevar



**4. Kristin
Ødegård Vestgarden** (1960)
Valen, konsulent



5. Geir Sønstebø (1951)
Vreimsida, seniorrådgjevar



6 Hilde Risan (1966)
Sentrum, pleieassistent



7. Olav Lahus (1968)
Sentrum, seksjonssjef



8. Heidi Elise Kvale (1980)
Sentrum, dagleg leiar

9. Per Espen Fjeld (1959)
Naturveileder

10. Anita Cesilie Kirkevold (1969)
Naturforvalter

11. Kjell Stundal (1945)
Dagleg leiar

12. Hæge Straand Sunde (1941)
Pensjonist

13. Halvor Gåra (1946)
Lektor

14. Bergit Askildt Myrjord (1944)
Dagleg leiar

15. Per Johan Nordvik (1959)
Kyrkjetenar

16. Oddbjørg Nevestveit (1953)
Faglærer

17. Øyvind Dag Dahle (1968)
Miljøvernrådgjevar

18. Anne Grimstad Fjeld (1956)
Høgskolelektor

19. Lars Lyngdal (1972)
Miljøterapeut/lærer

20. Aase Haukaas Gjerde (1967)
Høgskulelektor/advokat

21. Sveinung Astad (1947)
Lektor

Les meir på:

www.venstre.no/telemark/boitelemark

